



Anne Marit Jensen  
Vollenmarka 9 D  
1390 VOLLEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9057 - 22/30182

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
19.04.2022

## Avslutta sak om mogeleg ulovleg tilhøve - gbnr 310/30 Holme

**Byggjestad:** Gbnr: 310/30  
**Tiltakshavar:** Hildegunn Aga Jensen

Det vert vist til brev av 20.12.21 der kommunen gav deg pålegg om å sikre bygning på eigedom med gbnr 310/30,38.

Kommunen har vore på staden og registrert at bygningen er rive. Materialane ligg tilsynelatande samla på eigedommen og vi vurderer det slik at eigedommen ikkje lenger utgjer ein risiko for omgivnadene. Det er soleis ikkje lenger behov for sikring slik det var gitt pålegg om.

Vi orienterer deg likevel om at det å rive bygningen skulle vore søkt om og godkjent før du gjekk i gang og at du ikkje skulle løyst utfordringa på denne måten.

Kommunen har vurdert at vi på noværande tidspunkt ikkje vil følgje opp saka vidare som eit ulovleg tilfelle. Vurderinga er basert på at bygningen var liten og at riving var eit forholdsvis lite inngrep som alt i alt har gjort situasjonen på eigedommen betre og tryggare for omgivnadene. Vi legg til grunn at rivningsmassar snarleg vert levert til godkjent avfalls plass slik at dette ikkje går vidare til å bli ei forureinings sak. Vi orienterer vidare om at kommunen har anledning til å gi overtredelsesgebyr for ulovleg utført riving.

Avslutning av sak om mogeleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen

Per Sveinar Morsund

Avdelingsleiar

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anne Marit Jensen  
Hildegunn Aga Jensen

Vollenmarka 9 D  
Ellingshaugen 4

1390 VOLLEN  
5179 GODVIK